

Tid for prøveblåsing i skulemusikken.

04.03.2016



Celine Musland, Emma M. Ripel og William Hjønnevåg. For eit par år sidan var dei aspirantar, denne sesongen har alle tre opptrødd som solistar med korps!

Tirsdag den 29.mars, i morgen, er det offisiell prøveblåsing for dei som vil verta aspirantar til skulemusikken frå hausten. Då vil dei få prøva ulike blåseinstrument, og få hjelp til å få god lyd. Dersom det ikkje passar denne dagen, er det berre å stikka innom skulen i øvingstida på tirsdagar kl.16.45 - 18.45 så vil ein få både info og prøva instrument.

I tillegg til prøveblåsinga tirsdag 29.mars vil det verta litt kos og ein liten konsert for dei oppmøtte av skulemusikken. Dessutan vil foreldre og born få informasjon om korleis dei vert aspirantar, og korleis det er å vera aspirantar. Derfor er det viktig at foreldre vert med.

Aspirantåret er dei elevar i Kvhherad kulturskule, og søknadsfristen der er 15.april, og søknadsportalen opna 15.mars for noverande elevar, medan den opnar 1.april for nye elevar. Meir informasjon om dette finn ein på [kulturskulen si heimeside](#). Dei siste åra er det den svært dyktige og sympatiske litauaren Linas Dakinevicius som har hatt undervisninga. Den engasjerte læraren snakkar godt norsk og har svært godt lag med elevane. Skulemusikken håpar han vert lærar også komande år. Kulturskulen er også eit godt tilbod til musikarar som er komne inn i korps. Linas Dakinevicius dirigerer også Rosendal skulekorps, Høyåker musikklag og Husnes Blandakor i tillegg til å ha undervisninga på messinginstrument.

Uskedal skulemusikk har hatt flott utvikling dei siste åra, og dei har no mange flinke unge musikarar. Dei håpar mange vil meldt seg som aspirantar og vera med og utvikla korps framover.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland